



Medieklagenemnda

Klagenemnda si avgjerd av 26. august 2024 i sak 2024/1028

Saka gjeld: Klage på avslag på søknad om reisestipend utland
Klagar: A
Klagenemnda sine medlemmer: Bjørnar Borvik, Gunn Enli, Karin Fløistad og Eirik Østerud

Bakgrunn:

- (1) A (heretter klagar), søkte 2. mai 2024 Norsk filminstitutt (heretter NFI) om tilskot til deltaking på Circle Women Doc Accelerator.
- (2) Klagar kontakta NFI 8. mai 2024 med førespurnad om søknadssummen kunne endrast i søknaden. NFI svarte på førespurnaden 14. mai 2024 og påpeika at klagar ikkje oppfylte forskrifta sin vilkår om relevant utdanning eller yrkeserfaring. Klagar svarte NFI same dag og gjorde greie for utdanningsbakgrunnen sin.
- (3) NFI fatta vedtak om avslag 22. mai 2024. Avslaget var grunngjeve med at søkjar ikkje oppfylte formelle vilkår for tilskot, nemleg krava til relevant utdanning eller relevant yrkeserfaring frå den audiovisuelle bransjen, jf. detaljforskrifta § 2-2.
- (4) Klagar klaga på vedtaket 4. juni 2024.
- (5) NFI gjorde ei ny vurdering av klagars søknad, men opprettheldt avslaget. Saka vart sendt til Medieklagenemnda ved brev 28. juni 2024.
- (6) Nemndsmøte i saka vart halde 26. august 2024.

NFI si grunngjeving i det vesentlege:

- (7) Klagar har ikkje dokumentert at vilkåra om relevant utdanning eller relevant yrkeserfaring i forskrifta § 2-2 første ledd er oppfylt. Klagar har verken relevant utdanning på minst bachelornivå eller relevant yrkeserfaring av eit slikt omfang som forskrifta § 2-2 første ledd krev. Klagar har bachelor, master og ein ph.d. innan humaniora og samfunnsvitskap i russisk kultur. Sjølv om klagar har analysert filmverk, er ikkje dette relevant, då det i denne samanheng handlar om inngangsvilkår til tilskotsordninga for å kunne bli rekna som filmarbeidar innan den audiovisuelle bransjen. NFI vektlegg her at utdanninga ikkje er retta mot praktisk filmarbeid.
- (8) Ordlyden «relevant utdanning» i detaljforskrifta § 2-2 viser til at utdanninga må vera relevant vurdert opp mot kva det er søkt om tilskot til og føremålet med ordninga. Klagar

Postadresse:

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse:

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Telefon: +47 55 19 30 00 post@knse.no

har søkt om reisestipend for å delta på Circle Women Doc Accelerator. På nettsida blir programmet skildra slik:

«CIRCLE is an exclusive international training program for women and non-binary directors and producers working in the fields of documentary and fiction filmmaking. »

- (9) Reisestipendordninga gjeld tilskot til deltaking på kurs som er retta mot regissørar og produsentar som arbeider med spelefilm eller dokumentar. Kurset rettar seg altså mot profesjonelle filmskaparar til audiovisuelle verk og har eit klart fokus på skapande verksemd. Utdanninga til klagar har ikkje sitt tyngdepunkt innafor skapande verksemd, noko klagars eiga framstilling viser. NFI har ikkje tolka vilkåret om relevant utdanning innskrenkande, og vilkåret er ikkje oppfylt.
- (10) Klagar har vidare opplyst at ho står oppført som produsent på eit filmprosjekt som har motteke utviklingsstøtte frå NFI, og at sakshandsamaren i den saka godkjente klagar som filmprodusent. NFI viser til at dette ikkje er heilt samanliknbart då søknader om reisestipend gjeld vedkommande som privatperson, medan det i søknaden om utviklingstilskot også var oppført ein annan person som medprodusent. Vedkommande hadde erfaring som produsent. Det er elles ikkje heilt identiske kriterium og krav som gjeld for tilskot til utvikling og produksjon, som for reisestipend til enkeltpersonar.
- (11) Når det så gjeld vilkåret om relevant yrkeserfaring, har klagar vore tilsett som produsent sidan januar 2024, og ho kan ikkje vise til relevante resultat som filmskapar. Klagar har difor ikkje dokumentert ei brei yrkeserfaring frå bransjen.

Klagar har i det vesentlege gjort gjeldande:

- (12) Avslaget bygger på ei for snever tolking av forskrifta § 2-2, som berre krev at søkjaren har relevant utdanning på bachelornivå eller høgare, eller kan dokumentere relevant yrkeserfaring frå den audiovisuelle bransjen. Det er ikkje spesifisert i forskrifta at utdanninga må vera innan praktisk filmproduksjon for at den kan reknast som relevant. Klagar gjer gjeldande at det må gjerast ei grundigare vurdering av søkjaren sin utdanningsbakgrunn opp mot fagfunksjonen vedkommande har som filmarbeidar når det skal avgjerast om søkjaren er kvalifisert eller ikkje.
- (13) Klagar har ph.d.-utdanning i litteratur og kultur frå Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet. Doktoravhandlinga til klagar vart forsvart i 2019 og har tittelen «The Moral Vertical in Russian Cinema: Female Pilots, Flight Attendants, Cosmonauts and Aliens». Klagar understrekar at hennar forskingsfelt er film, og at hennar generelle kunnskap om metodepraksis, formulering av problemstillingar og skrivekunnskapar frå utdanningsløpet må sjåast på som relevant etter forskrifta § 2-2.
- (14) Vidare viser klagar til at ho er tilsett i produksjonsselskapet Koko Film AS, og at grunnleggjar og eiger av selskapet har sett på utdanningsbakgrunnen som relevant, og at ho på denne bakgrunnen vart aktivt rekruttert til selskapet.

Medieklagenemnda si vurdering:

- (15) Saka gjeld klage over NFI sitt avslag på søknad om reisestipend. Klagen er rettidig, jf. forvaltningsloven § 29 første ledd.

- (16) Det rettslege grunnlaget for handsaminga av søknaden følger av forskrift om tilskudd til audiovisuell produksjon av 31. oktober 2016 nr. 1264 (detaljforskrifta). Detaljforskrifta er hjemlet i forskrift om tilskudd til produksjon og formidling av audiovisuelle verk av 7. oktober 2016 nr. 1196 (hovudforskrifta).
- (17) Vilråa for å få tilskot som enkeltperson går fram av detaljforskrifta § 2-2, og regelen lyder slik:
- «For å kunne motta tilskudd etter dette kapitlet må søker ha relevant utdanning på bachelornivå eller høyere, eller kunne dokumentere relevant yrkeserfaring fra den audiovisuelle bransjen.
- Regionale filmsentre og filmfond kan gjøre unntak fra kompetansekravet i denne bestemmelsen for tilskudd etter dette kapitlet.
- Tilskudd etter § 2-4 kan kun gis til søkere som er registrert som enkeltpersonsforetak i Enhetsregisteret.»
- (18) I høyringsnotatet frå 2016, som låg til grunn for detaljforskrifta, uttalte NFI følgande om § 2-2:
- «Bestemmelsen stiller krav til søkers profesjonelle erfaring. Søkers kompetanse må være relevant sett opp mot det tiltaket det søkes om tilskudd til. Formålet bak bestemmelsen i dagens regelverk er at tilskuddsordningene skal være med å bidra til at kompetansen i bransjen skal bli høyere.
- Bestemmelsen tolkes i tråd med det tiltaket det søkes om tilskudd til.
- NFI foreslår at dagens kompetansekrav videreføres i denne forskriften. Hva som anses som tilstrekkelig og relevant kompetanse vil bero på en konkret vurdering av søkers kompetanse opp mot det aktuelle tiltaket. Bestemmelsen om kompetansekrav gjelder for alle tilskuddsordningene etter kapittel 2.»
- (19) Føremålet med den aktuelle tilskotsordninga kjem fram av detaljforskrifta § 2-5. Tilskot under den aktuelle ordninga skal mellom anna «bidra til kompetanseutvikling av fagarbeidere i den norske audiovisuelle bransjen». Det framgår vidare at det kan gjevast tilskot til deltaking på kurs, seminar og finansieringsforum, og til representasjon av audiovisuelle verk på prioriterte festivalar eller prisutdelingar. På NFI sine heimesider er føremålet formulert på denne måten:
- «Målet med stipendordningen er å styrke kompetansen til norske fagarbeidere og øke oppmerksomheten rundt norsk film, serier og spill.»
- (20) Detaljforskrifta § 2-2 oppstiller to alternative kompetansevilkår – eitt som knyttar seg til søkjar si utdanning, og eitt som knyttar seg til yrkeserfaring. Det sentrale spørsmålet i denne saka er korleis vilkåret «relevant utdanning på bachelornivå eller høyere» skal tolkast.
- (21) Etter ordlyden blir det stilt krav til relevant utdanning på bachelornivå eller høgare. Medieklagenemnda ser det slik at kompetansen må vere relevant sett opp mot det tiltaket det blir søkt om tilskot til. Den aktuelle ordninga skal bidra til kompetanseutvikling av fagarbeidarar i den norske audiovisuelle bransjen, og den rettar seg difor mot skapande

verksemd innan eksempelvis film og tv. Nemnda er einig med NFI i at søkjaren si utdanning må ha tyngdepunktet sitt i skapande verksemd innafor dramatisk eller audiovisuell forteljing.

- (22) Klagar meiner at hennar utdanning er relevant, og at den har eit tilstrekkeleg tyngdepunkt innafor film. Det er vist til at klagar har ei ph.d.-utdanning i litteratur og kultur frå Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet. Klagaren si doktoravhandling vart avlagt i 2019 og har tittelen «The Moral Vertical in Russian Cinema: Female Pilots, Flight Attendants, Cosmonauts and Aliens». Klagar understrekar at forskingsfeltet hennar er film.
- (23) Med grunnlag i CV og anna framlagt dokumentasjon er det Medieklagenemndas syn at klagar si utdanning ser ut til å ha sitt tyngdepunkt innan humaniora og samfunnsvitskap i russisk kultur. Studiene er oppgitt å vere tverrfaglege og gradene inneheld emner i historie, språk, litteratur, kultur og statsvitskap. Masteroppgåva og doktorgraden til klagar har rett nok ei side mot russisk film. Klagar har sjølv gjort greie for at masteroppgåva hennar handlar om brot og kontinuitet i korleis kvinnelege russiske soldatar blir framstilt i to russiske filmar om andre verdskrigen. Dette blir fulgt opp i doktoravhandlinga. Basert på klagar si framstilling i eigen CV ser det ut til at dei to avhandlingane har ei vitskapeleg og analytisk tilnærming til filmane. Klagar har vist til at ho har sett på korleis kommersielle, eller breitt tilgjengelege filmar, formidlar og nyttar historie, og korleis dialogen mellom filmskapar og publikum utartar seg. Vidare gjer klagaren greie for at ho har utvikla nye teoriar knytta til kjønn og rom i ein russisk kontekst i doktoravhandlinga.
- (24) Masteroppgåva og doktoravhandlinga til klagar har rett nok ei side mot russisk film, men på bakgrunn av det som er nemnt ovanfor, er Medieklagenemnda av den oppfatning at utdanninga til klagar manglar den naudsynte tilknytninga til skapande verksemd innafor dramatisk eller audiovisuell forteljing. Utdanninga til klagar kan dermed ikkje reknast for å vere tilstrekkeleg relevant, jf. detaljforskrifta § 2-2.
- (25) Det nærmare innhaldet i det alternative vilkåret om relevant yrkeserfaring må etter Medieklagenemnda si vurdering fastleggast slik at det harmonerer med vilkåret om relevant utdanning. Det er ikkje haldepunkt for å meine at vilkåret om relevant yrkeserfaring skulle gje uttrykk for eit lavare krav til kompetansen til søkjar enn det som følger av vilkåret om relevant utdanning, berre at også ein annan type kompetanse – nemleg realkompetanse – kan vere tilstrekkeleg, sjå sak 2022/1143. Samanhengen i regelverket tyder derfor på at søkjaren må ha relevant yrkeserfaring av eit ikkje ubetydeleg omfang frå utvikling av idear eller manuskript til audiovisuelle verk.
- (26) Det framgår av søknaden at klagaren berre har nokre få månadar med erfaring som produsent frå selskapet Koko Film AS. Klagar har ikkje vist til eigne konkrete prosjekt, men berre at ho arbeider saman med regissørar/fotografar i selskapet. Den ytterlegare yrkeserfaringa til klagar er i hovudsak frå universitetssektoren. Medieklagenemnda er einig med NFI i at klager si kortvarige erfaring som produsent ikkje er tilstrekkeleg til å oppfylle det alternative kravet om relevant yrkeserfaring, då dette ikkje kan sjåast på som yrkeserfaring av eit ikkje ubetydeleg omfang.

Konklusjon:

På denne bakgrunn treffer Medieklagenemnda følgjande

vedtak:

Klagen blir ikkje teken til følge.

Det kan ikkje klagast på vedtaket, jf. forvaltningsloven § 28 tredje ledd.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur